
Fra: Kjetil Morken
Sendt: 3. januar 2017 13:24
Til: RA-Leiarar
Kopi: Anne Marie Horpestad Stang; Bergfrid Tjore; Elisabeth Inger Bygstad; Geir Olav Privat; Geir Olav Repål; Ingmund Kvinge (ingmund.kvinge@radoy.kommune.no); Jarle Landås; Jo Tømmerbakke; Kjartan Medaas; Kjersti Risa Marøy; Kjetil Morken; Lisbeth Alvær; Mette Fauskanger; 'post@Radoy.utdanningsforbundet.no'; Rosalind Grindheim Instebø; Øystein Sande; Øystein Sande Privat
Emne: Krav om politiattest ved tilsetjing etter 1/1 2017
Vedlegg: Krav om politiattest for tilsett.doc; Krav om politiattest ved tilsetjing etter 1.docx; Framlagt politiattest.docx

Ein politiattest er ein attest frå politiet med opplysningar om ein person sine oppføringar i politiregistra. Kva type oppføringar som ev. blir ført i ein attest kjem an på føremålet med attesten. Frå 1. januar 2017 er det krav om politiattest for alle som yter tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven, og ikkje berre dei som yter tenester til barn eller personer med utviklingshemning jf. endringar i helse- og omsorgstjenesteloven § 5-4.

I Radøy kommune har leiar ansvar for at alle som vert tilsett har gyldig politiattest før tiltrede. Her er eit samandrag av reglane om politiattest og kvar denne skal oppbevarast.

Helse og omsorgssektoren

Frå 1. januar 2017 er det krav om politiattest for **alle** som yter tenester etter helse- og omsorgstjenesteloven § 5 – 4.

Det skal krevjast politiattest ved tiltrede etter 1/1 2017 i stillingar eller oppdrag som helsepersonell, støttekontaktar og avlastarar. Dette gjeld uavhengig av om tenestene vert ytt på institusjon eller i heimen.

Politiattesten skal oppbevarast i **personalmappa så lenge arbeidstilhøvet varar**. Politiattesten blir å føre i ACOS Fokus i personalmappe saman med arbeidsavtale og tieieplikt.

Politiattestane skal visa om personen er sikta, tiltalt, har vedtatt førelegg eller er dømt for brot på bestemte straffebestemmelser, dvs. ein utvida politiattest.

Endringane er grunnjevne i at pasientar og brukarar innan helse og omsorg kan være sårbare og har behov for det vernet som ligg i at tenesteytar har politiattest. Pasientar og brukarar som får tenester i heimen har særlig stort behov for vern.

I politiattesten vil det være opplysningar om enkelte vinningslovbrot, som tjuveri og underslag og narkotikalovbrot i tillegg til lovbrot som vald og seksuelle lovbrot.

Ved ev merknader på politiattesten skal det gjerast ei konkret vurdering av arbeidsgjevar om likevel kan tiltre stillinga. Då skal det lagast eit notat om kva arbeidstakar opplyste rundt forholdet og den vurdering som er gjort.

Sitat frå innst.369 L

«Det overordnede vurderingstemaet må være om vedkommende søker er egnet til å utføre de oppgaver han eller hun skal ansettes til, og om det er grunn til å tro at pasienter eller brukere kan ha tillit til og kan stole på vedkommende.»

Kortversjon

- Politiattest ikkje eldre enn 3 månader må leggst fram for alle nye arbeidsavtalar / oppdragsavtalar etter 1/1 2017 før / ved tiltrede.
- Politiattest skal oppbevarast i personalmappe saman med arbeidsavtale og tieieplikt. (ACOS FOKUS)
- Heimel helse- og omsorgstjenesteloven § 5 – 4

- Arbeidstakar får politiattest ved å gå på www.politi.no
- Arbeidsavtale eller utfylt stadfesting www.politi.no må leggest ved som dokumentasjon for behov for politiattest.
- Ved ev merknad. konkret vurdering om tiltrede likevel. Dokumentasjon rundt vurderingar som er gjort skal lagrast i personalmappe.

Tilsette i grunnskulen, musikk- og kulturskolen og SFO o. a:

Dei som skal tilsetjast fast eller midlertidig i grunnskulen, musikk- og kulturskolen, SFO, gje leksehjelp eller i andre skulelignande aktivitetstilbod må legge fram gyldig politiattest, jf. **opplæringslova § 10-9** ved tiltrede.

Attesten, ikkje eldre enn 3 månader, skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for diverse forhold i straffeloven, jf. politiregisterloven § 39.

Personar som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast.

Andre tilsette som skal opphalde seg regelmessig i grunnskulen eller i andre tilbod nemnt ovanfor (for eksempel vaktmeister og reinhaldar) må også levere politiattest med heimel i opplæringsloven.

Tilsette i barnehage:

Dei som skal tilsetjast i barnehage må legge fram gyldig politiattest, jf. barnehageloven § 19. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot barn er utelukka frå arbeid i barnehage.

Dette gjelder alt barnehagepersonale, langvarige vikariat (over to veker), tilkallingsvikarar sivilarbeidarar osv.. Andre tilsette som skal opphalde seg regelmessig i barnehagane på dagtid (for eksempel vaktmeister og reinhaldar) må også levere politiattest med heimel i barnehageloven.

Oppbevaring / registrering skule og barnehage:

Politiattest skal liggja føre før arbeidstakar tiltreer stillinga.

Politiattesten skal makulerast etter at den er vist ved tiltrede og godkjent.

Det skal førast register at politiattesten er framvist og godkjent. Dato for attesten og dato for tiltrede. Bruk skjema.

Tilsette i barnevern:

Dei som skal tilsetjast i barneverntenesta skal legge fram politiattest ved tiltrede. Jf. barnevernloven § 6-10. Det same gjeld andre som skal utføre arbeid på barneverntenesta sine vegne. Politiattesten skal vise om vedkommande er siktet, tiltalt, ilagt førelegg eller dømt for brot på bestemmelsar i straffeloven som er nevnt i politiregisterloven § 39.

Oppbevaring / registrering:

Politiattest skal oppbevarast i personalmappa (ACOS FOKUS) så lenge vedkommandehar stillinga. Attesten skal makulerst når vedkommande fråtrer. Fylkesmannen kan som ledd i sitt tilsynsansvar krevje framlagt politiattest for tilsette i desse tenestene.

Skjema til stadfesting av behov for politiattest og framlagt politiattest er lagt ved.

Denne informasjonen vert også lagt ut på intranett.

MVH

Kjetil Morken
personalsjef

tlf 56 34 90 07 / 480 52 319



RADOY
den grønne øya